



SKAPARGLEDE

Kommuneplan – samfunnsdelen

2023 - 2027

Sykkylven kommune

PlanID 15282022007

Vedtatt Sykkylven kommunestyre sak 16/23 27.03.2023



SKAPARGLEDE

Innhald

1. Innleiing	3
2. Status	4
3. Utfordringar og moglegheiter	4
4. Visjon	5
5. Prioriterte innsatsområde	5
6. Finansielle måltal.....	5
7. Eit berekraftig Sykkylven	6
8. Verdiskaping	7
9. Livskvalitet, mangfald og likeverd	8
10. Tenestekvalitet	9
11. Busetting.....	10
12. Arealstrategi	11

1. Innleiing

I følgje plan- og bygningslova § 11-1 skal alle kommunar ha ein kommuneplan som består av ein samfunnsdel (samfunnsplanen) og ein arealdel.

Samfunnsplanen er det overordna plandokumentet i det kommunale plansystemet.


Planen skal gi retning for utviklinga i kommunen. Gjennom overordna målsettingar, strategiske grep og prioriteringar skal planen legge føringar som styrer utviklinga i ønska retning.

Planen er kommunestyret sitt styringsdokument, og legg føringar for all kommunal aktivitet.

Hovudtema er knytt til *Eit berekraftig Sykkylven, Verdiskaping, Livskvalitet, mangfald og likeverd, Tenestekvalitet og Busetting.*

Planen inneheld også ein arealstrategi som gir viktige prioriteringar og omsyn som skal takast i kommunal arealforvaltning.

«ARBEIDSDELINGEN» I DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET



2. Status

Mellomstor kommune med ca 7600 innbyggjarar.

Negativ folketalsprognose fram mot 2030, fleire eldre og færre unge.

Høg arbeidsplassdekning. 93,5% av dei sysselsette i kommunen har arbeidsplass i Sykkylven.

Tal arbeidsplassar har minka siste 10 åra.

Del av ein stor regional arbeidsmarknad kring Ålesund.

Auka pendling til/frå Ålesund, og Stranda kommune.

Fleirtalet av innbyggjarane er nøgde med tenestetilbodet. (innbyggjarundersøking)

Dei fleste ungdomane er godt nøgde med livet sitt. (Ungdata)

Låge frie disponible inntekter og låge fondsreservar.

Aktivt og godt næringsliv, bransjespesialisert med høg hjørnesteinsfaktor.

Tilgjengeleg byggeareal i alle krinsar.

Korte avstandar innad i kommunen.

Kompakt sentrum med urbane kvalitetar.

3. utfordringar og moglegheiter

Motvirke folketalsnedgang.

Gjere Sykkylven meir attraktiv for nye innbyggjarar.

Vekst og utvikling for eksisterande næringsliv.

Omstille og tilrettelegge for nye arbeidsplassar.


Utnytte potensiale for reiselivsnæring i kommunen.

Vidareutvikle sentrum.

Skape ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.

Klimatilpassing – tryggleik for følgjer av klimaendringar.

Omstille og tilpasse det kommunale tenestetilbodet i tråde med endra behov og rammevilkår.



Sykkylven kommune skal alltid ha innbyggaren i sentrum.

4. Visjon

Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE. Visjonen vart vedtatt i 2011.

Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.

Visjonen er knytt til at Sykkylven:


- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag.
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet.
- er eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov.
- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell.
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida.
- er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.

5. Prioriterte innsatsområde

Sykkylven kommune har berekraft som overordna og gjennomgåande verdi, med særleg fokus på:

Verdiskaping og arbeidsplassar
 Tenestekvalitet
 Busetting
 Livskvalitet, likeverd og mangfald

Fokusområda er eit resultat av politiske prioriteringar, og er basert på eit breidt kunnskapsgrunnlag og innspel til planarbeidet frå innbyggjarar og andre.



6. Finansielle måltal

Kommunestyret har vedtatt følgjande finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Måltala er ikkje absolutte for det einskilde rekneskapsår, men mål ein skal arbeide mot å nå. (Økonomiplan 2022-2025)

7. Eit berekraftig Sykkylven

MÅL Sykkylven er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.



UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Ei berekraftig utvikling er avgjerande for at Sykkylven skal vere eit livskraftig lokalsamfunn inn i framtida.

Kommunen må tilpasse seg samfunnsendringar og utnytte nye moglegheiter for å skape ein attraktiv kommune for nye innbyggjarar.

Endringsvilje, innovasjon og skaparglede er grunnlag for omstilling og utvikling.

Tett samarbeid mellom kommune, næringsliv og ulike kompetansemiljø legg grunnlag for ei berekraftig utvikling.

SYKKYLVEN KOMMUNE VIL:

-Arbeide målretta for å utnytte nye moglegheiter for utvikling, kunnskapsauke, tilskotsordningar ol. som oppstår ved omstilling til eit berekraftig samfunn.

-Arbeide for at Sykkylven kommune som organisasjon og som lokalsamfunn blir meir berekraftig.

-Samarbeide om kunnskapsauke, felles retning og tiltak for berekraftig utvikling:

- med innbyggjarane, næringslivet og frivillig sektor om lokale berekraftige tiltak.
- på tvers i organisasjonen for berekraftig drift og tenesteproduksjon.
- med eksterne fagmiljø, nabokommunar og offentlege instansar om ei kunnskapsbasert og samordna utvikling.

-Gjere berekraft til ein integrert del av dagleg drift i heile kommuneorganisasjonen.

-Ha eit tydeleg fokus på dei tre berekraftsdimensjonane:

- Økonomi
- Samfunn/sosiale forhold
- Klima og miljø

-Gjennom driftsplanar, budsjett og tiltak omsette berekraftmåla til handlingar.

-Ta i bruk klimabudsjett

og -rekneskap som eit viktig styringsverktøy.

-Miljøsertifisere eigen organisasjon.



Illustrasjon av dei tre dimensjonane i FNs berekraftsmål

8. Verdiskaping

MÅL Sykkylven har eit berekraftig og mangfaldig næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar.

UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Næringslivet i Sykkylven har høg kompetanse og kvalitetar som gir grunnlag for vidare veskt og utvikling.

Arbeid er ein nøkkelfaktor for mange når ein vel kvar ein vil etablere seg.

Kommunen må vere attraktiv for nye innbyggjarar med ønska kompetanse.

Auka breidde i næringslivet kan tilby fleire typar jobbar.

Opplevingsnæringane og naturbaserte næringar har stort utviklingspotensiale.

Lokal matproduksjon må vere ein viktig del av næringslivet.

Godt samarbeid mellom næringsliv og kommune gjennom SNU

Gode kommunikasjonar avgjerande for busetting og næringsaktivitet.

Utnytte at Sykkylven er del av eit stort regionalt arbeidsmarknad.



SYKKYLVEN KOMMUNE VIL:

Fokusere på entreprenørskap og nyskaping ved å:

- etablere kultur for nyskaping og entreprenørskap
- bygge opp møteplassar og samarbeidsarenaer for nyskaping
- legge til rette for vidare vekst og utvikling i eksisterande bedrifter
- bygge kompetanse for nyskaping
- ha ei berekraftig forvaltning av sjø- og landareal
- samarbeide med eksterne kunskapscenter, innovasjonsmiljø og utviklingsaktørar
- koble lokal næringsutvikling opp til regionale og nasjonale satsingar
- arbeide spesielt for berekraftig forretningsutvikling

Vere ein næringsvennleg kommune som gjer det lett å etablere, drive og utvikle næring i Sykkylven ved å:

- ha god dialog med næringslivet og kjenne næringslivet sine behov.
- gi saker som handlar om næringsutvikling/arbeidsplassar prioritet i sakshandaming.
- ha eit lokalt støtteapparat som kan gi best mogleg hjelp til næringslivet
- arbeide kontinuerleg med omstilling og utvikling.
- løyse næringslivet sine behov for areal, infrastruktur, mm.
- utnytte potensialet for marin næringsutvikling
- sikre framtidssrette vilkår for landbruksnæringa
- forvalte utmarksareal på ein berekraftig måte som grunnlag for naturbasert næringsutvikling.
- arbeidet for eit best mogleg ferjetilbod
- realisere Storfjordsambandet

9. Livskvalitet, mangfold og likeverd

MÅL Sykkylven er eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggerane

UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Livskvalitet er knytt til trygghet for arbeid og bustad, god helse, sosiale nettverk og aksept og rom for å vere den du er.

Gode, skapande og innovative samfunn er prega av mangfald og høg toleranse for ansleisheit.

Tiltak som bidreg til å førebyggje og motverke marginalisering og utanforskap frå tidleg alder kan gi store gevinstar, både for den einskilde og for lokalsamfunnet.

Å motverke utanforskap og arbeide for sosial inkludering er ei svært viktig oppgåve for offentleg sektor i åra framover.

Sykkylven har alle føresetnadar for at vi kan leve gode liv.

SYKKYLVEN KOMMUNE VIL:

Vere eit attraktivt og sosialt berekraftig samfunn for alle ved å:

- Bygge på eit mangfaldig samfunn med fokus på likeverd og inkludering
- Ha universell utforming av offentlege bygg og uteområder
- Syte for at alle har tilgang til trygge og tilgjengelege bustadar
- Arbeide for å styrke frivillighet, gode møteplassar og sosiale nettverk
- Bygge vidare på biblioteket som ein attraktiv møteplass for alle alders- og interessegrupper.
- Styrke kultur, idrett og friluftsliv
- Skape gode oppvekstvilkår for barn og unge
- Vere eit aldersvennleg samfunn
- Vere ein trafikktrygg kommune

Gjere slik at innbyggerane meistrar eigen livssituasjon og er friske ved å:

- Fokusere på heile livsløpet
- Arbeide særleg for at eldre skal meistre eigen kvardag
- Tenke folkehelse i all kommunal aktivitet
- Stimulere sosiale møteplassar og lågterskeltilbod
- Sette eit særleg fokus på friluftsliv som helsefremmande tiltak
- Sikre nærtuområde, lokale badeplassar og turvegtrasear
- Opparbeide gode tilkomstmoglegheiter til tuområde
- Arbeide for vidare utbygging av gang- og sykkelveggar.
- Følgje opp alle lovkrav til universell utforming av bygg og uteområder



10. Tenestekvalitet

MÅL Sykkylven kommune leverer tenester av god kvalitet tilpassa innbyggerane sine behov og innanfor berekraftige økonomiske rammer.

UTFORDRINGAR OG MOGLEGHETER

Endra tenestebehov på grunn av demografiske endringar.

Forventa stramme økonomiske rammevilkår.

Nye risikofaktorar – det digitale samfunnet gjer oss sårbare på nye måtar.

Effektiv ressursutnytting, samhandling, innovasjon og bruk av nye verktøy

Opparbeide og behalde kunnskap og kompetanse i eigen organisasjon

Rekruttere nok medarbeidarar med rett kompetanse ut frå behova.

Utfordre eigen organisasjon til å tenke nytt om innhald og organisering av kommunale tenester.

Søke nye løysingar i samarbeid med innbyggerane, næringslivet, kunnskapsmiljø og eksterne faginstansar.

SYKKYLVEN KOMMUNE VIL:

-Arbeide systematisk med kvalitetsforbetring og bygge kvalitetskultur i alle ledd i organisasjonen

-Sikre god brukarmedverknad for å utvikle best mogleg tenester ut frå behov og økonomiske rammer.

-Utvikle tenester tilpassa demografiske endringar.

-Vere eit aldersvennleg samfunn.

-Ha trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge

-Ta i bruk ny teknologi og digitalisering i tenesteyting.

-Bygge sjøvstendighet og mestring i eige liv.

-Samhandle med innbyggjarar, næringsliv og fagmiljø i utvikling av framtidige tenester.

-Fokusere på kompetansebygging, rekruttering og samarbeid i tenesteproduksjonen.

-Utvikle ein samordna informasjonsstrategi der ulike kanalar og digitale verktøy for dialog blir brukt på ein effektiv måte.

-Vektlegge klart språk og tydeleg formidling tilpassa ulike målgrupper i all kommunikasjon.

-Vere tydeleg på forventa tenestenivå.



11. Busetting

MÅL Sykkylven er ein attraktiv kommune å busette seg i.

UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Forventa nedgang i folketalet trass auka innvandring.

Det må vere attraktivt å bu i Sykkylven. Mange unge etterlyser byggeklare, sentrumsnære tomter.

Heile kommunen må takast i bruk for å skape varierte tilbod der både urbane, kompakte buformer er tilgjengelege parallellt med meir romslege, naturnære moglegheiter.

Fortetting av eksisterande bustadområde gir moglegheiter for nye attraktive bustadar.

Ta i bruk allereie godkjente bustadområder er eit anna stort potensiale.

Få tilflyttarar startar med å kjøpe tomt. For mange vil betre tilgang på leigebustadar gjere det mogleg å prøvebu, før ein kjøper.



SYKKYLVEN KOMMUNE VIL:

Legge til rette for ny busetting i kommunen ved å:

- Samarbeide med private grunneigarar og utbyggerar om tomtetilgang
- Legge til rette teknisk infrastruktur for utbygging
- Fortette og utnytte eksisterande infrastruktur
- Ha oppdaterte arealplanar med attraktive bustadareal
- Ha effektiv sakshandsaming i plan- og byggesaker
- Arbeide for betre kollektivtilbod
- Fokusere på utemiljø, møteplassar, estetikk

Ha eit attraktiv og levande sentrum ved å:

- Samarbeide med næringsliv, huseigarar og innbyggjarar om sentrumsutvikling
- Skape eit universellt utforma sentrum
- Legge til rette for at nye tilbod kan utviklast i sentrum
- Gjere sjøfronten til eit aktivum for sentrum
- Realisere historisk park på Auremarka

Vere eit trygt samfunn ved å:

- Sette fokus på samfunnsrisiko
- Tilpasse utbygging til ny kunnskap om klimaendringar og endra risikobilde
- Innarbeide gode beredskapsplanar og rutinar for handling i krisesituasjonar.
- Vere ein trafikksikker kommune
- Sikre trygg vassforsyning.
- Ha gode avløpsløysingar og handtere overflatevatn på ein trygg måte.
- Gjennom heilskapleg forvalting av vatnet sitt kretsløp førebygge overflatevassproblem og flaumfare.

12. Arealstrategi

Arealstrategien koblar kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel. Strategien gir overordna føringar for arealutviklinga i Sykkylven. Arealstrategien er ikkje juridisk bindande.

MÅL Sykkylven kommune har ein arealbruk som balanserer behov for utbygging og vern på ein berekraftig måte.

UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Utbygging kontra vern av viktige arealressursar vil alltid vere eit viktig utfordring Jordvern, lokal matproduksjon, naturverdiar kolliderer til tider med utbyggingsinteresser. Sentrumsområda er særleg utsett på grunn av høgare byggepress.

Bustadareal - attraktivt og berekraftig.

I kommunen er det ein stor reserve av bustadareal som ikkje er tatt i bruk.

Framtidig arealbruk vil ha stor innverknad på om vi oppnår ei utvikling som er berekraftig både økonomisk, sosialt og for klima og miljø.

Kommunen må syte for ein berekraftig arealbruk som samsvarar med nasjonale målsettingar.

SYKKYLVEN KOMMUNE VIL:

- Ha god oversikt over arealbruk ved å lage arealrekneskap.
- Ha arealeffektiv bruk av eksisterande bustadareal og infrastruktur (transformasjon, fortetting, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging).
- Legge til rette tenlege næringsareal ut frå noverande og moglege framtidige behov med fokus på både eksisterande næringsliv og moglege nyetableringar og nye bransjar.
- Styrke jordvernet og så langt råd er unngå omdisponering av dyrkajord.
- Stille krav til ivartetaking av matjord ved omdisponering av areal.
- I alle planprosessar vurdere om eldre unytta bustadareal er eigna ut frå dagens krav, eller om det skal førast tilbake til LNF-føremål.
- Forvalte sjøareala på ein berekraftig måte ut frå eigne interesser og i samarbeid med omkringliggende kommunar.
- Sikre viktige natur- og friluftsområde, grøntkorridorar og nærturområde.
- Sikre areal til samanhengande gang- og sykkelveggar.
- Sjå framtidig hyttebygging i eit berekraftperspektiv (arealrekneskap, klimaavtrykk, naturpåverknad, mm)
- Forvalte utmarksareal på ein berekraftig måte som grunnlag for livskvalitet, folkehelse og naturbasert næringsutvikling.
- Ha fokus på trygge areal til alle bruksformål.

